

Saksframlegg

Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 17/7600-8

Samanslåing av dei tre revisjonseiningane KRYSS revisjon, Kommunerevisjonen i Nordfjord og Sogn og Fjordane Revisjon IKS

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser positivt på at dei tre revisjonseiningane blir slått saman til ei ny fylkesdekkande interkommunal revisjonseining i Sogn og Fjordane. Rapporten om samanslåing av dei tre interkommunale revisjonseiningane i Sogn og Fjordane, dagsett 15.09.2017, blir å legge til grunn for samanslåinga.
2. Kwart av dei tre selskapa vel to representantar til eit interimsstyre. Interimsstyret konstituerer seg sjølv og har som oppgåve å legge til rette for å få etablert ei ny revisjonseining basert på dagens ordningar og kome med framlegg til samarbeidsavtale, vedtekter, budsjett og stillingsplan for den nye revisjonseininga.
3. Det nye interkommunale samarbeidet blir å organisere som eit § 27-samarbeid, utan eigenkapitalinnskot, og skal vere operativt frå og med 01.01.2019. Parallelt med dette blir dagens tre revisjonseiningar avvikla innan 31.12.2018. Det er ein føresetnad for fylkeskommunen at det nye interkommunale samarbeidet skal vere eit eige rettssubjekt.
4. Dei tilsette sine rettar skal ivaretakast i tråd med kapittel 16 i arbeidsmiljølova om verksemdoverdraging, slik at dei tilsette sine stillingar i den nye revisjonseininga vert sikra.
5. Dette vedtaket er gjort med atterhald om at dei andre eigarane i Sogn og Fjordane Revisjon IKS gjer tilsvarende vedtak.

Vedlegg:

1. Rapport om samanslåing av dei tre interkommunale revisjonseiningane
2. Møtereferat frå møte i styringsgruppa 15.09.17
3. Protokoll frå representantskapsmøte i SF Revisjon IKS 20.10.17

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Sogn og Fjordane Revisjon IKS, Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS Revisjon) og Kommunerevisjonen i Nordfjord vurderer å slå seg saman til ei revisjonseining, jf. vedlagde rapport.

2. Bakgrunn for saka

Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFFK) har rekneskapsrevisjon og selskapskontroll i eigenregi, og kjøper slike tenester frå Sogn og Fjordane Revisjon IKS (heretter SF Revisjon). Fylkeskommunen er deltakar i selskapet, og vår eigardel svarar til 44,45 %. Kommunane

Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Sogndal, Vik og Årdal er dei andre deltakarane i SF Revisjon.

Totalt har SF Revisjon, KRYSS revisjon og Kommunerevisjonen i Nordfjord ansvaret for fylkeskommunen og 24 av dei 26 kommunane i fylket. I tillegg leverer revisjonseiningane tenester til interkommunale selskap, kommunale føretak, kommunale særbedrifter, kyrkjelege fellesråd og -sokn og stiftingar/legat. Einingane sine oppgåver er rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll, særattestasjonar og undersøkingar/rapportar etter bestilling frå kontrollutvala.

Hausten 2016 gjorde dei tre interkommunale revisjonseiningane vedtak om å utgreie ei ev. samanslåing. Revisjonseiningane valde representantar til ei styringsgruppe som skulle vurdere samanslåinga. Til å gjennomføre arbeidet blei det oppnemnd ei arbeidsgruppe som bestod av revisjonssjefane i dei tre einingane. Grappa har saman med tilsettere representantar vore observatørar med talerett i styringsgruppa.

Rapporten frå styringsgruppa blei lagt fram for eigarane i SF Revisjon på representantskapsmøte 20. oktober 2017. Rapporten følgjer vedlagt saksframstillinga, sjå vedlegg 1.

Representantskapet i SF Revisjon har sendt rapporten og saka til handsaming i eigarkommunane, med framlegg om at eigarane gjer vedtak om at dei er positive til at dei tre revisjonseiningane blir slått saman til ei ny fylkesdekkande interkommunal revisjonseining. Representantskapet si tilråding til vedtak går fram av vedtaket i sak 09/17 i den vedlagde protokollen.

Styringsgruppa og representantskapet tilrår at det nye interkommunale samarbeidet blir organisert som eit § 27-samarbeid. Etter kommunelova § 27 må fylkestinget sjølv gjere vedtak om deltaking i eit slikt samarbeid.

3. Vurderingar og konsekvensar

Fordelar og ulemper med ei større revisjonseining

Styringsgruppa konkluderte med at fordelane med å etablere ei fylkesdekkande interkommunal revisjonseining er langt større enn ulempene. Styringsgruppa viste m.a. til følgjande:

- *mindre sårbar ved sjukdom, vakanser, etc.*
- *fleire tilsette gjer det mogleg å utvikle auka kompetanse*
- *auka kompetanse medfører auka fleksibilitet*
- *auka kompetanse og fleksibilitet vil gje betre revisjonstenester, både med omsyn til kvalitet og leveringsevne*
- *auka effektivitet og spesialisering med meir gjenbruk/fleirbruk*
- *rettleiing/rådgjeving og erfaringsoverføringar mellom kommunane vil bli styrka*
- *større miljø gjev større moglegheiter til å rekruttere og å halde på kvalifisert arbeidskraft*
- *større fagmiljø vil gje større moglegheiter for å kunne arrangere kurs og konferansar, fagdagar og dagseminar, både for revisjonseininga og for kommunane*

Fylkesrådmannen er samd i styringsgruppa sine vurderingar av at ei større revisjonseining truleg vil kunne gje betre rådgjeving, rettleiing og bistand til fylkeskommunen og kommunane. Ei større revisjonseining vil også vere betre rusta til å møte dei endringar som kan følgje av m.a. regionreforma, kommunereforma og den nye kommunelova.

I rapporten nemner styringsgruppa også nokre utfordringar og ulemper med samanslåinga, m.a. kan kunnskap om - og innsikt i - den einkilde kommune sitt styringsregime og kontrollmiljø bli svekka, sjå kapittel 4.2 i rapporten. Geografi og lokalisering kan også medføre utfordringar for det nye interkommunale samarbeidet. Fylkesrådmannen legg til grunn at den nye revisjonseininga vil vere merksam på desse utfordringane når lokalisering og organisering av eininga skal avgjerast.

Tilsette

Det er i dag fem til åtte tilsette i kvar av dei tre revisjonseiningane. Fylkesrådmannen føreset at dei tilsette sine rettar blir ivaretekne i samsvar med arbeidsmiljølova kap. 16 om verksemd-overdraging.

Revisjon - ny fylkeskommune

På bakgrunn av styringsgruppa sin rapport tilrår representantskapet at det nye interkommunale samarbeidet skal vere etablert og operativt frå 01.01.19.

Per i dag har fylkeskommunen rekneskapsrevisjon og selskapskontroll i eigenregi og kjøper slike tenester frå SF Revisjon. Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar blir slått saman frå 01.01.20. Fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland har gitt fellesnemnda mynde til å velje revisjonsordning og revisor for den nye fylkeskommunen, sjå FT-sak 39/17. Sogn og Fjordane fylkeskommune kan altså ikkje forplikte seg til å kjøpe tenester frå den nye revisjonseininga lenger enn til 31.12.19.

Fylkestinget skal no også handsame ei sak om revisjonsordning. Kontrollutvalet rår fylkestinget til å «fortsette med finansiell revisjon og selskapskontroll i eigenregi i det nye samanslegne selskapet i perioden fram til 31.12.2019 [...]», sjå KU-sak 45/17.

Etter selskapsavtalen for SF Revisjon kan deltakarforhold seiast opp med eitt års skriftleg varsel. Fråtreiding kan berre skje 31. desember. Dei andre eigarane skal varslast om ev. fråtreiding tre månadar før oppseiinga. Dersom fellesnemnda ikkje vel revisjon i eigenregi for den nye fylkes-kommunen, og fylkeskommunen difor vil seie opp deltakarforholdet sitt i SF Revisjon, må dei andre eigarane varslast innan 30. september 2018.

Organisasjonsform

SF Revisjon er eit interkommunalt selskap (IKS) organisert etter lov om interkommunale selskap (IKS-lova). Eit IKS er eit eige rettssubjekt. Dei to andre revisjonseiningane er organiserte som interkommunale samarbeid etter kommunelova § 27. Av desse er berre KRYSS revisjon eit eige rettssubjekt. For meir informasjon om korleis dei tre revisjonseiningane er organiserte, samt skilnadane mellom dei ulike organisasjonsformene, syner eg til kapittel 7 i den vedlagde rapporten.

Representantskapet tilrår at det nye revisjonssamarbeidet blir organisert som eit samarbeid etter kommunelova § 27 om interkommunalt samarbeid, men tilrådinga seier ikkje noko om den nye revisjonseininga skal vere eit eige rettssubjekt eller ikkje.

Eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27 kan vere eit sjølvstendig rettssubjekt, eller ein del av ein kommune/fylkeskommune (dei enkelte deltakarane). Om samarbeidet ikkje er eit eige rettssubjekt, vil det m.a. medføre at samarbeidet ikkje kan inngå kontraktar i eige namn. Avtalar må inngåast på vegner av kvar einskild deltakarkommune, og bind såleis også den einskilde kommune/fylkeskommune direkte. Eit interkommunalt samarbeid som ikkje er eit eige rettssubjekt vil ikkje kunne ha arbeidsgjeveransvar for dei tilsette; deltakarkommunane må sjølve tilsetje personellet.

Fylkesrådmannen si oppfatning er at dersom det nye interkommunale samarbeidet skal organiserast som eit § 27-samarbeid, bør samarbeidet vere eit eige rettssubjekt. Eit samarbeid av eit slikt omfang og varigheit som tiltenkt - med 25 deltakarar - bør etter mitt syn vere eit eige rettssubjekt med ei sjølvstendig rolle med omsyn til drift, budsjett- og tilsetjingsmynde og avtaleinngåing. Samarbeidet vil bli lite praktisk og unødig tungvint om styret skal innhente samtykke frå alle dei 25 deltakarane kvar gong styret skal binde den nye revisjonseininga. Då Sogn og Fjordane fylkeskommune skal slåast saman med Hordaland fylkeskommune - og det ikkje er avgjort kva revisjonsordning den nye fylkeskommunen skal ha - er det uansett ikkje naturleg at fylkeskommunen inngår kontraktar, eller tek på seg arbeidsgjeveransvar for tilsette i det nye interkommunale samarbeidet.

Fylkesrådmannen tilrår difor at det blir presisert i vedtaket at det er ein føresetnad for fylkeskommunen at det interkommunale samarbeidet skal vere eit eige rettssubjekt.

Representantskapet sin kommentar til organisasjonsform

Jamvel om representantskapet vedtok styringsgruppa si tilråding om § 27-samarbeid, la representantskapet til følgjande kommentar til punkt 3 i vedtaket:

Representantskapet meiner organisasjonsformen interkommunalt selskap (IKS) jf. Lov om interkommunale selskap er ein betre løysing for eit slikt samarbeid, og ser det som viktig å sende dette signalet vidare til kommunane i Ytre Sogn, Sunnfjord og Nordfjord. Ein vil samstundes understreke at målsettinga om å få til samanslåinga er så tungvegande at prosessen ikkje må stoppes p.g.a usemje om organisasjonsform.

Såkalla § 27-samarbeid er svært knapt lovregulert, i motsetjing til interkommunale selskap som er utførleg regulert i IKS-lova. Om dei tre revisjonseiningane slår seg saman, vil det nye samarbeidet få 25 deltakarar. Med så mange deltakarar kan det lett oppstå usemje, og det kan såleis vere ein fordel å velje ei samarbeidsform som i stor grad er lovregulert.

Til liks med dei andre eigarane i SF Revisjon meiner fylkesrådmannen at eit interkommunalt selskap etter IKS-lova kan vere ei god løysing for den nye revisjonseininga. Dersom alle eigarane stiller seg positive til samanslåinga, må fylkestinget og kommunestyra uansett handsame endå ei sak om etableringa, m.a. for å slutte seg til vedtekter og liknande. Det er lagt opp til at eit interimsstyre skal kome med framlegg til samarbeidsavtale, vedtekter, budsjett og stillingsplan for den nye revisjonseininga. Fylkesrådmannen har forstått det slik at representantskapet i SF Revisjon vil ta spørsmålet om organisasjonsform opp med eigarane i dei to andre revisjonseiningane, slik at dette blir avklart før fylkeskommunen og kommunane skal handsame ei avsluttande sak om samanslåinga.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen rår fylkestinget til å gjere vedtak i samsvar med tilrådinga frå representantskapet, men med eit tillegg i punkt 3 om at det er ein føresetnad at det nye interkommunale samarbeidet skal vere eit eige rettssubjekt.